



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Tenesteutval for oppvekst og kultur

**Møtestad:** Grindløda, Bratteberg skule

**Dato:** 21.11.2018

**Tid:** 14.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Per Svein Krøvel	Nestleiar	H
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Edvin Dale	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Eiliv Halkjelsvik	Edvin Dale	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Håvard Strand	fagkonsulent skule, møte i sakene PS 39/18-43/18
Bente Engeseth	Konsulent, møte i sak PS 45/18



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 37/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
PS 38/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 39/18	<b>Utgreiing av ei ev strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum - utgreiing og høyringsbrev</b>
PS 40/18	<b>Utgreiing av eit mogleg oppvekstsenter i Austefjord</b>
PS 41/18	<b>Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular</b>
PS 42/18	<b>Skulekrinsar i nye Volda kommune – høyring</b>
PS 43/18	<b>Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022</b>
PS 44/18	<b>Møteplan for politiske møte 2019</b>
PS 45/18	<b>Skjenkeløyve til Bringebær AS, org nr 921 454 937</b>
PS 46/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 34/18	<b>Referat - Samarbeidsutvalet ( SU ) - Volda ungdomsskule - 25.10.18</b>
OS 35/18	<b>Referat frå møte i SU Oppigarden barnehage</b>
OS 36/18	<b>Orientering Ungdomsrådet - møteprotokoll 26.09.2018</b>
OS 37/18	<b>Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot</b>



## **PS 37/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Handsaming:**

**Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*Innkalling og sakliste vart godkjend.*

## **PS 38/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Sju røysteføre. Møteprotokoll frå forrige møte, 17.10.2018, vart godkjend.

**Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*Møteprotokoll frå forrige møte, 17.10.2018, vart godkjend.*

## **PS 39/18 Utgreiing av ei ev strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum - utgreiing og høyringsbrev**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*TOK vedtek å leggje sak om ei ev strukturell endring av barnehagedrifta ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 25. januar 2019*

### **Handsaming:**

#### **Røysting:** (7 røysteføre)

Tenestutval for oppvekst og kultur vedtok samrøystes administrasjonen si tilråding til vedtak.

**Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*TOK vedtek å leggje sak om ei ev strukturell endring av barnehagedrifta ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 25. januar 2019*

## **PS 40/18 Utgreiing av eit mogleg oppvekstsenter i Austefjord**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vil ikkje etablere oppvekstsenter i Austefjord.*

### **Handsaming:**

#### **Framlegg frå FRP v/Eiliv Halkjelsvik**

*Kommunestyret vil etablere oppvekstsenter i Austefjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Framlegget frå FRP vart samrøystes vedteke med 7 røyster. Administrasjonen si tilråding fall.

### **Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*Kommunestyret vil etablere oppvekstsenter i Austeffjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.*

### **PS 41/18 Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Administrasjonen vert bede om å greie ut konsekvensar ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular.*
- 2. Saka skal leggest fram til politisk handsaming etter at den har vore til høyring.*

#### **Handsaming:**

##### Fellesframlegg frå TOK:

- 1. TOK finn ikkje grunn for å gå vidare med ein prosess med tanke på å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular.*

#### **Røysting:**

TOK sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.  
Administrasjonen si tilråding fall.

### **Samrøystes tilråding i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret**

- 1. TOK finn ikkje grunn for å gå vidare med ein prosess med tanke på å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular.*

### **PS 42/18 Skulekrinsar i nye Volda kommune - høyring**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

#### **Handsaming:**

Forslag frå TOK om å utsette saka.

#### **Røysting:** ( 7 røysteføre)

Samrøystes vedteke å utsette saka.



## VOLDA KOMMUNE

### Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret *TOK utset saka*

#### PS 43/18 Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

##### **Handsaming:**

Per Svein Krøvel fekk permisjon og gjekk kl. 16.30. Uthman Abu Harbid hadde permisjon i del av handsaming av saka men var tilstades under røysting. Der var soleis 6 røysteføre i saka.

##### Framlegg til budsjettet frå Rebecca Riise Bjerknes, (SP)

Under digitalisering, strukturendringar m.m. s.65.

*Austeffjord barnehage er vedteken ikkje nedlagt og skal strykast frå lista.*

##### Framlegg frå Alf Jakobsen, (SV)

*TOK ser at drift og innsparing det er lagt opp til i budsjettet for 2019 for skule og barnehage ikkje samsvarar med dei reelle utfordringane i sektoren.*

*TOK ber at kommunestyret gjer ei justeringar i budsjettarbeidet slik at sektoren får ein reell vekst snarare enn ein reduksjon.*

##### **Røysting:** (6 røysteføre)

Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes vart samrøystes vedteke med 6 røyster.

Framlegget frå Alf Jakobsen vart samrøystes vedteke med 6 røyster.

#### Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret

1. Under digitalisering, strukturendringar m.m. s.65.  
*Austeffjord barnehage er vedteken ikkje nedlagt og skal strykast frå lista.*
2. *TOK ser at drift og innsparing det er lagt opp til i budsjettet for 2019 for skule og barnehage ikkje samsvarar med dei reelle utfordringane i sektoren.*
3. *TOK ber at kommunestyret gjer ei justeringar i budsjettarbeidet slik at sektoren får ein reell vekst snarare enn ein reduksjon.*

#### PS 44/18 Møteplan for politiske møte 2019

##### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*



# VOLDA KOMMUNE

	Formannskap	Kommunestyre	Forvaltningsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

**1. Utvala har følgjande møtestart:**

- Formannskapet kl. 12.00
- Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)
- Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00
- Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00
- Forvaltningsutvalet kl. 13.00
- Eldrerådet kl. 10.15
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00

**Handsaming:**

Tenesteutval for oppvekst og kultur kom med framlegg til møteplanen om å sette opp eit møte 5. juni 2019 for utvalet.

**Røysting:** ( 6 røysteføre)

Med 6 røyster vedtok TOK møteplanen slik den ligg føre med den endringa dei foreslo.

**Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret**

**1. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:**



# VOLDA KOMMUNE

	Formann- skap	Kommune - styre	Forvaltn- ingsutvale t	Tenesteutv . oppvekst og kultur	Tenesteutv . helse og omsorg	Eldre -råd	FUN K
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20		5			
Juli							
August	27						
Septembe r	11 (valstyre) , 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

## 2. Utvala har følgjande møtestart:

- Formannskapet kl. 12.00
- Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)
- Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00
- Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00
- Forvaltningsutvalet kl. 13.00
- Eldrerådet kl. 10.15
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00

## PS 45/18 Skjenkeløyve til Bringebær AS, org nr 921 454 937

### Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:

- Tidsrom: Løyvet gjeld først når kunnskapsprøver etter alkohollova er bestått for styrar og stedfortredar. Løyvet går ut 30. september 2020
- Løyvehavar: Bringebær AS, org. nr.921 454 937
- Styrar: Torill Hansrud Mo, f. 13.07.87
- Stedfortredar: Mari-Lene Korsnes, f. 23.10.87
- Skjenkestad: Bringebær, Holmen 7, 6100 Volda



## VOLDA KOMMUNE

- *Alkoholvare: Alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Spiserestaurant*
- *Driftskonsept: Kafé, spiserestaurant*
- *Skjenkeareal: 170 m<sup>2</sup> inne, 0 m<sup>2</sup> ute. Totalt 170 m<sup>2</sup>. 150 gjesteplassar*
- *Skjenketider: 12.00-17.00.*
- *Opningstider: Skjenkestaden må stenge 30 min etter at skjenketida er ute (jf. alkohollova § 4-4)*
- *Vilkår: Jf. punkt 4-3 "Alkoholpolitisk plan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*

### **Handsaming:**

#### **Habilitet.**

Eiliv Halkjelsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er indirekte eigar i bygget og har økonomiske interesser i lokala. Jfr. Fvl. § 6, 1. ledd, a. Eiliv Halkjelsvik tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet: (5 røysteføre) Eiliv Halkjelsvik vart samrøystes kjend inhabil.

#### **Røysting:** ( 5 røysteføre)

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*Med heimel i alkohollova §§ 1 –4b, 1 –7a, 1 –7b , 1 –7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:*

- *Tidsrom: Løyvet gjeld først når kunnskapsprøver etter alkohollova er bestått for styrar og stedfortredar. Løyvet går ut 30. september 2020*
- *Løyvehavar: Bringebær AS, org. nr.921 454 937*
- *Styrar: Torill Hansrud Mo, f. 13.07.87*
- *Stedfortredar: Mari-Lene Korsnes, f. 23.10.87*
- *Skjenkestad: Bringebær, Holmen 7, 6100 Volda*
- *Alkoholvare: Alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Spiserestaurant*
- *Driftskonsept: Kafé, spiserestaurant*
- *Skjenkeareal: 170 m<sup>2</sup> inne, 0 m<sup>2</sup> ute. Totalt 170 m<sup>2</sup>. 150 gjesteplassar*
- *Skjenketider: 12.00-17.00.*
- *Opningstider: Skjenkestaden må stenge 30 min etter at skjenketida er ute (jf. alkohollova § 4-4)*
- *Vilkår: Jf. punkt 4-3 "Alkoholpolitisk plan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*

### **PS 46/18 Orienteringssaker**





**OS 34/18 Referat - Samarbeidsutvalet ( SU ) - Volda ungdomsskule - 25.10.18**

**Handsaming:**

*Møteprotokoll frå SU 25.10.18 ved Volda ungdomsskule vart teken til vitende.*

**OS 35/18 Referat frå møte i SU Oppigarden barnehage**

**Handsaming:**

*Møteprotokoll frå SU 22.10.18 ved Oppigarden barnehage vart teken til vitende.*

**OS 36/18 Orientering Ungdomsrådet - møteprotokoll 26.09.2018**

**Handsaming:**

*Tenesteutval for oppvekst og kultur tek protokoll frå ungdomsrådet 26.09.2018 til vitende.*

**OS 37/18 Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot**

**Handsaming:**

**Habilitet.**

Eiliv Halkjelsvik reiste spørsmål om habilitet. Han har interesser i bygget der konserten var. Jfr. Fvl. § 6, 1. ledd, a. Eiliv Halkjelsvik tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet: (5 røysteføre) Eiliv Halkjelsvik vart samrøystes kjend inhabil.

Søknad frå symfoniorkesteret – oversendt frå formannskapet.

*TOK har ikkje fleire kulturmidlar for 2018 å dele ut og sender søknaden tilbake til formannskapet.*

**Røysting:**

Samrøystes vedteke å sende søknaden attende til formannskapet.

**Vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018**

*TOK har ikkje fleire kulturmidlar for 2018 å dele ut og sender søknaden tilbake til formannskapet.*

Møtet slutt kl. 17.15



## **VOLDA KOMMUNE**

Rett utskrift,  
Volda kommune,  
sektor kultur og service  
22.11.2018

Bente Kristin Krøvel  
møtesekretær